

# STRATEGISK NÆRINGSPLAN FOR LINDÅS OG AUSTRHEIM 2011 – 2020



**MED HANDLINGSPROGRAM 2011 - 2013**

**VEDTATT:**

**LINDÅS KOMMUNESTYRE 14. APRIL 2011**

**AUSTRHEIM KOMMUNESTYRE 6. APRIL 2011**

## INNHALD

Innleiing.....	3
Del 1 – Nosituasjonen.....	4
Viktigaste næringar .....	4
Nyetableringar i regionen .....	5
Befolkningsutvikling .....	6
Utdanning.....	7
Pendling .....	8
Sterke sider .....	9
Svake sider.....	11
Utfordringar og moglegheiter fram mot 2015.....	13
Moglegheiter.....	13
Trugslar .....	14
Del 2 - Strategisk del.....	15
Overordna mål for næringsarbeidet .....	15
Grunngjeving for målet.....	15
Resultatmål: .....	16
Strategiar .....	16
Ny industrireising på Mongstad .....	16
Ein synleg og tydeleg region .....	16
Ein attraktiv bu- og opplevingsregion .....	17
Aktivt, positiv vertskap.....	18
Evaluering .....	18
Del 3 – Handlingsprogram 2011-2013 .....	19
Strategi 1: Ny industrireising på Mongstad.....	19
Strategi 2: Ein synleg og tydeleg region.....	23
Strategi 3: Ein attraktiv bu- og opplevingsregion.....	25
Strategi 4: Aktiv, positiv vertskap .....	28

## INNLEIING

Vertskommunane til Mongstad, Lindås og Austrheim, bestemte seg tidleg i 2010 for å utarbeide ein felles strategisk næringsplan for kommunane. Dette blei endeleg vedteken i kommunestyret i Lindås 22. april og i Austrheim 7. april 2010. Bakgrunnen for å utarbeide ein felles strategisk næringsplan ligg i eit sterkt ønske om å utvikle ein heilskapleg næringspolitikk for regionen, spesielt med fokus på nærings- og samfunnsutvikling knytt til Mongstad-området.

Mongstad er det industrielle navet i regionen og ein svært viktig arbeidsplass. Vidareutvikling av området er ei sentral utfordring for begge kommunar og satsinga blir sterkare viss kommunane står samla om felles mål og strategiar. Ein felles strategisk næringsplan skal bidra til at kommunane kjem i forkant av sentrale utfordringar dei komande åra, og ikkje minst få eit målretta arbeids- og styringsverktøy for kommunane sitt næringsretta arbeid.

Strategisk næringsplan er ein sektorplan, og formannskapa i begge kommunar er styringsgruppe. Prosjektet har vore leia av ei prosjektgruppe bestående av ordførarar, rådmenn og to politikarar frå formannskapa. Felles samfunnsutviklar/nærings sjef har vore sekretær og kontaktperson inn mot prosesskonsulentane frå Asplan Viak.

Ein har vald ein prosessretta arbeidsform ved utarbeiding av planen. Ei referansegruppe på om lag 30 representantar frå næringsliv, sentrale organisasjonar, kommuneadministrasjon og politisk leiing i kommunane har vore samla i to arbeidsdagar, der ein i fellesskap har danna grunnlaget for innhaldet i planen.

Gjennom planarbeidet har ein også lagt til grunn strategisk næringsplan for Bergensregionen, og ein har søkt å ta med seg element frå denne planen vidare over i næringsplanen for Austrheim og Lindås.

Sjølve plandokumentet består av ein strategisk del, som skal ligge fast i ein fireårs periode, samt eit handlingsprogram som skal rullerast anna kvart år. Ut frå handlingsprogrammet blir det sett saman ei liste av prioriterte prosjekt som skal gjennomførast i det einskile året.


Planen er ambisiøs, og baserar seg på at alle partar, både næringsdrivande, kommunane og utdanningsinstitusjonane er med å dreg lasset saman. Dei ulike aktørane spelar ulike roller i utviklingsarbeidet. Kommunane har ei sentral rolle som tilretteleggar av infrastruktur, pådrivar i høve til regionale og sentrale myndigheiter, lokal og regional nettverksbygger og samfunnsutviklar. Næringslivets rolle er å nytte dei moglegheitene som vert dyrka fram til beste for eigen langsiktige utvikling. Det er først når desse kreftene spelar saman at ein kan nå dei langsiktige måla som er sett i næringsplanen.

# DEL 1 – NOSITUASJONEN


I all strategisk planlegging er det viktig å vurdere ståstaden, det vil seie kva for eit utgangspunkt me har. Dette har mykje å seie, både for val av ambisjonsnivå og retning i utviklinga. Samtidig er det slik at ein kan skildre situasjonen i dag på mange ulike måtar. Kva ein vil leggje vekt på som det viktigaste avheng av ståstaden og røynslene til den ein skilde. I dette arbeidet har referansegruppa kome fram til kva dei meiner er dei viktigaste kjenneteikna ved situasjonen i dag – kva faktorar som har mest å seie for framtidige utviklingsmoglegheiter. Innleiingsvis vert det gjeve ein generell presentasjon av næringsstruktur og samfunnsutvikling i Austrheim og Lindås. Dette er basert på statistikk frå SSB.no og ravninfo.no.

## Viktigaste næringar

Olje, gass og energinæringa er dominerande i Lindås og Austrheim, både målt i høve til sysselsetjing (fig 1) og økonomisk verdiskaping (fig 2). Regionen har også ei omfattande bygg- og anleggsnæring, men også denne er til ein stor grad orientert mot aktiviteten på Mongstad. Av andre næringar peikar maritime næringar seg ut som ei stor næring i Austrheim, medan varehandel står sentralt i Lindås, som vertskap for regionsenteret. Primærnæringane, inkludert marin næring (havbruk med meir) har få tilsette i dei to kommunane, men eit aktivt landbruk drive av både heil- og deltidsbønder er med på å setje eit særpreg på kulturlandskapet, og utgjer ein viktig kulturberar i regionen. Regionen har relativt få arbeidsplassar knytt til forretningsmessig tenesteyting, og kommunane er dei største tilbydarane av arbeidsplassar til personar med høgare utdanning.




Figur 1: Tilsette i ulike sektorar i Austrheim og Lindås



Figur 2: Omsetning innanfor ulike sektorar i Austrheim og Lindås

## Nyetableringar i regionen


Talet på nyetableringar i kommunane har vore på veg ned sidan toppen i 2005. I 2009 vart det starta opp 52 nye verksemder i dei to kommunane. I perioden 2000-2009 har det vore til saman 560 nyetableringar i kommunane (480 i Lindås og 80 i Austrheim), noko som utgjer nesten 2,8% av nyetableringane i heile Hordaland i denne perioden. Sum tal på tilsette hjå dei 560 bedriftene var 1517.




Figur 3: Tal nyetableringar 2000-2009 (sum Lindås og Austrheim)

## Befolkningsutvikling

Lindås hadde per 01.01.2011 over 14 500 innbyggjarar, og kommunen har hatt jamn vekst sidan 1980 (Figur 4) . På 2000-talet har det vore høg vekst, noko som mellom anna skuldast Nordhordlandsbrua. Austrheim har hatt varierende befolkningsutvikling, men siste 3 år har veksten vore høg og folketalet nærmar seg 2800. Samla folketal i dei to kommunane utgjør om lag 3,5% av folketalet i Hordaland.




Figur 4: Befolkningsutvikling i Lindås



Figur 5: Befolkningsutvikling i Austrheim

## Utdanning


Både Austrheim og Lindås har færre innbyggjarar med høgare utdanning enn Hordaland og landet elles. Som mange andre industridominerte regionar, er det ei overvekt av personar med fagutdanning (videregående skule), hhv. 46 og 47% i dei to kommunane.



Figur 6: Utdanningsnivå i Lindås og Austrheim sett i høve Hordaland og Norge


# Pendling

Lindås har netto utpendling (fleire som pendlar ut av kommunen enn inn til kommunen), men dei siste tre åra har talet på utpendlarar stagnert medan pendlinga inn til kommunen har halde fram å stiga.



Figur 7: Pendling inn og ut av Lindås

Utpendinga frå Austrheim er nesten dobbelt så høg som pendlinga inn. Både inn- og utpendling har stege relativt jamt dei siste fem åra



Figur 8: Pendling inn og ut av Austrheim



# Sterke sider


Kommunane og Nordhordland har ei rekke sterke sider som står sentralt i høve til potensialet for aktiv næringsutvikling. Referansegruppa har peika på følgjande punkt som særskilt viktige for den vidare utviklinga i Lindås og Austrheim

## Sterk industri, med tilhørande infrastruktur og kompetanse

Lindås og Austrheim er prega av ein sterk industri, der aktiviteten på og rundt Mongstad er "navet". Dei viktigaste bedriftene i dette navet er oljeraffineriet, råoljeterminalen, vestprosessanlegga, kraftvarmeverket og Mongstadbase. Statoil Mongstad har åleine over 900 tilsette, og dersom ein ser olje, gass og energi i Lindås/Austrheim under eitt er det nesten 1700 tilsette i denne sektoren. Aktivitet på Mongstad utgjør ein "varm" arbeidsmarknad med god tilgang på godt betalte jobbar.

Næringa på Mongstad er sterkt eksportorientert og Mongstad-namnet er også godt kjend internasjonalt. "Månelandingsprosjektet" med fullskala reinsing og CO2-fangst vil tilføre Mongstad ytterlegare vekstkraft og merksemd både nasjonalt og internasjonalt.

Drifta innanfor kjerneverksemdene på Mongstad gjev ein sterk marknad for ei rekkje bedrifter som nyt godt av ringverknadane frå denne aktiviteten (Figur 9); Verksemdar innan transport og bygg- og anleggsverksemdar er direkte knytt opp mot aktiviteten i kjerneverksemdene, medan bedrifter innan varehandel og personleg tenesteyting er døme på næringar som indirekte nyt godt av drifta på Mongstad.



Figur 9: Mongstad- navet i ein sterk industriregion

Mongstad og bedriftene som er knytt til denne aktiviteten har til saman ein tung industriell infrastruktur. Særskilt kan ein nemna Mongstadbase med over 200 tilsette, som saman med Statoil Mongstad si hamn utgjør landets største hamn. Slik sett er Mongstad også eit sentralt logistikk-knutepunkt, med tilhøyrande kompetanse innan logistikk- og maritime fagområde. I tillegg til hamnefasilitetar gjev den eksisterande aktiviteten på Mongstad tilgang på råvarer som naturgass, spillvarme og liknande som også er sentrale innsatsfaktorar for industriell verksemd.

Lindås og Austrheim har også ei betydeleg verksemd knytt til maritim næring. Særskilt i Austrheim er den maritime næringa av stor tyding med om lag 140 personar er sysselsett i 36

ulike føretak. Den maritime næringa bidrar til å styrke regionens samla logistikk- og transportkompetanse, og er eit viktig kontaktpunkt mot ei sentral næring i resten av Bergensregionen.

På Mongstad er det store areal som er regulert til næringsføremål, og med rom for ytterlegare utviding. Den nyleg vedtatt kommunedelplanen for Lindåsneset med Mongstad har ca 2100 daa med næringsareal i området rundt raffineriet. I kommunedelplan for Fønnes, Litlås, Kaland, Leirvåg er det lagt ut 775 daa med næringsareal tett knytt til Mongstad-området.

Industriens sterke posisjon har også ført til at fagutdanninga står sterkt i regionen. Det er eit godt utvikla samarbeid mellom næringslivet og dei vidaregåande skulane i Knarvik og Mastrevik, som har ført til eit breitt fagtilbod innan tekniske/ praktiske fag, og utvikling av nye utdanningstilbod, mellom anna Teknisk allmennfag (TAF) TAF er eit samarbeid mellom den vidaregåande skulen og lokalt næringsliv, både privat og offentleg. Etter 4 år oppnår elevane både fagbrev og studiekompetanse.

### **Vakkert kystlandsskap og tydelege merkevarer**

Lindås og Austrheim er kommunar som begge er prega av ei vakker kystlinje og sterk tilknytning til sjøen og havet. Her ligg eit stort og relativt lite utnyttede potensiale innanfor reiseliv og opplevingsbasert næring. Havsportveka utgjør ei nyskaping, og byrjar etter eit par år i drift å bli kjend også utanfor regionen. Denne type merkevare har ein moglegheit til å skapa fleire av. Knarvikmila har gjennom mange år bygd seg opp til å bli ei av dei største helse- og aktivitetsarrangementa i landet. Arrangementet tiltrekker seg folk frå heile landet og frå utlandet. Andre merkevarer som har blitt kjend langt utanfor kommunane sine grenser er til dømes korpsmiljøet i Lindås. Noko av det som kjenneteiknar slike kulturinstitusjonar er langvarig innsats frå lokale eldsjeler. Desse merkevarene er lokomotiva i det rike idretts- og kulturlivet i Lindås og Austrheim. Golfbanen på Meland er også ein kvalitet som både er viktig i forhold til livskvalitet for innbyggjarane, men også som eit trekkplaster for etablering av bedrifter.

### **Nærleik til Bergen**

Etter at Nordhordlandsbrua vart ferdig, og i enda større grad etter at den vart nedbetalt, har avstanden til Bergen vorte kort. Knarvik ligg innanfor 30 minutt kjøring til Bergen sentrum. Sentral infrastruktur som flyplass, sjukehus og universitet er no tilgjengeleg heile døgeret, og med planlagde infrastrukturtiltak (Eikåstunnel, Nyborgtunnel etc) vert avstanden ytterlegare korta inn.

Minst like viktig som tilgang på Bergen sin infrastruktur viktig er at Lindås og Austrheim i stadig sterkare grad vert integrert i den bergenske arbeidsmarknaden. Moglegheit for pendling mellom Bergen, Lindås og Austrheim er ein styrke for alle kommunar sidan det gjev ein meir fleksibel arbeidsmarknad. Pendlingstala viser både høg inn- og utpendling, (sjå Figur 7 og 8), noko som er med å underbygge at kommunane delar arbeidsmarknad.

### **Aktørar med samarbeidsvilje og høg arbeidsmoral**

I Nordhordland er det lange tradisjonar for samarbeid og nettverk mellom bedrifter, noko som mellom anna er gjenspegla i dei ulike organisasjonane som er etablert; Nordhordland Handverks- og Industrilag, er det største nettverket, men det er også ei rekke andre lokale og

regionale utviklingsaktører. På den offentlege sida samlar Regionrådet for Nordhordland 9 kommunar til felles regional utvikling.

Regionen er prega av "strilekultur" som mellom anna er kjenneteikna av høg arbeidsmoral og dugnadstradisjon. Både oppbygginga av den sterke industrien, samt etablering av merkevarer som Knarvikmila og Havsportveka er døme på kva strilane har fått til. Utviklinga på Mongstad har også sytt for at regionen har ein arbeidsstokk med høg industriell kompetanse, som kan nyttast i annan industriell utvikling.

Både Austrheim og Lindås har vist evne til å tiltrekke seg nye innbyggjarar. Folketalet har auka i begge kommunane dei siste åra (Figur 4 og Figur 5). Befolkningsveksten gjev tilgang til arbeidskraft og dannar grunnlag for vekst i tenesteytande sektor. Vekst i offentlege tenester er også med å auke tilgangen på kompetansebaserte arbeidsplassar i regionen.

## Svake sider

### Er for avhengig av få næringsaktører

Sterk industri, med Mongstad som nav, er ei av dei viktigaste sterke sidene i Nordhordland. Men samstundes utgjer det også ein av området sine akilleshæl. 38% av arbeidsplassane i kommunane vert tilbydd av 10 bedrifter på Mongstad (ikkje medrekna offentleg sektor). Om ein ser på omsetnaden så genererer desse 10 bedriftene 87% av inntektene i kommunane samla sett. Denne dominansen av bedrifter retta mot olje og gass gjer at kommunane er svært sårbar i høve til svingingar i oljemarknaden. Dersom nøkkelbedrifter på Mongstad skulle få problem, vil dette gje store negative ringverknader for mange andre bedrifter i Nordhordland og i Lindås/ Austrheim generelt.

Det at kommunane er sterkt avhengig til nokre få aktørar på Mongstad er i tillegg gjenspegla i kompetanseprofilen i Austrheim og Lindås. Kommunane har ein relativt låg del innbyggjarar med høgare utdanning, og få arbeidsplassar å tilby personar med høgare utdanning. Dette gjer det også vanskeleg å rekruttere denne typen kompetanse til Nordhordland. Særleg gjeld dette busetjing i Austrheim og nordlege delar av Lindås der det i dag framleis er lang pendleavstand til Bergen for ektefelle/ sambuar.

Dei store bedriftene på Mongstad tilbyr høge lønningar, også for tilsette med relativt låg utdanning. Dette gjer det vanskelegare for anna næringsliv å trekka til seg "rett" type arbeidskraft, og ikkje minst er det utfordrande å etablere nye bedrifter.

### Kommunal innsats for utvikling

Austrheim og Lindås har gjort mykje godt arbeid når det gjeld å tilrettelegga for næringsutvikling i kommunane, men dei vert oppfatta som lite proaktive. Både i kommuneadministrasjonen og i samfunnet elles er det for få som arbeider med utviklingsarbeid, og dei få som finst er spreidd over mange ulike organisasjonar. Kultur- og opplevingsbasert næring har vore lite fokusert og slit med å skaffe seg drahjelp frå offentleg hald.

Ei anna problemstilling er den geografiske rollefordelinga i høve utviklinga av næringslivet. Mongstad ligg på kommunegrensa Lindås/ Austrheim, og det er trong for betre samarbeid og

klarare rolledeling mellom dei to kommunane. Samstundes er det fleire kommunar som har større eller mindre grad av næringsssamarbeid. Nordhordlandsregionen og Bergensregionen er kjende regionar, men per i dag er det uklart kva nivå/ inndeling næringsutviklinga er knytt opp mot.

### **Regionen er lite kjent og har få alliansepartnarar**

Sjølv om Mongstad er eit kjend namn både nasjonalt og internasjonalt er Lindås/ Austrheim-regionen for lite kjend utanfor kommunegrensene. Til og med bergensarane har lite kjennskap til kva Lindås og Austrheim har å by på. Det skjer i lita grad noko felles marknadsføring av regionen i høve å tiltrekka seg potensielle nye innbyggjarar og arbeidstakarar. "Det må ropast høgare" for å lukkast med dette.

Lindås og Austrheim har i dag for få alliansepartnarar. Ein må samla kreftene og etablere strategiske nettverk i høve til regionale og nasjonale aktørar. I høve Bergen, men også nasjonalt, manglar ein alliansepartnarar/ nettverk som kan vere med å støtte utviklinga av regionen.

### **Flaskehalsar i infrastruktur**

Austrheim og Lindås har på mange område ein godt utvikla infrastruktur. Likevel har denne infrastrukturen også store flaskehalsar. I rushtida er det dårlig framkome mellom Nordhordlandsbrua og Åsane. Det er også fleire flaskehalsar på vegnettett internt i kommunane. Det er fleire trafikkfarlege strekkjer og punkt, og rundt Knarvik er det også tidvis dårleg framkome. Kommunane har vidare eit svakt kollektivtilbod, og tilrettelegging for sykkel og gåande er også dårleg. Dette gjer at transporten internt i kommunen i stor grad skjer med bil.

Knarvik er i dag eit tydeleg regionsenter i Nordhordland, og det vert forventa at tettstaden vil halda posisjonen som handels-, teneste- og administrasjonssenter framover. Likevel har Knarvik mykje å gå på i høve kvaliteten i senteret. Reint utformingsmessig er staden prega av parkerings- og trafikkareal. Innholdsmessig er det stort sett handel og service som pregar Knarvik, med lita grad av aktivitet på kveldstid og i helgar, og rom for rekreasjon og oppleving.

Knarvik og områda rundt Knarvik har også for lite tilgjengeleg næringsareal. Næringsareala som finnes rundt Mongstad og i Austrheim er lite aktuell for ein del type bedrifter. Med manglande nytt areal i sør står ein i fare for å mista bedrifter som potensielt kunne etablert seg her.

### **Vanskeleg å nytte naturkvalitetar**

Lindås og Austrheim har mykje vakker natur å by på. Potensialet som ligg i å utnytta denne ressursen er dårlig utvikla i dag. Innan reiseliv og oppleving manglar ein infrastruktur og organisasjon/ nettverk som kan handtere dette og gjera det til ei levedyktig næring.

Det er ei begrensing for denne type næring at rikspolitiske retningsliner avgrensar utviklingsmoglegheit for bygging i attraktive område. Det er også ei utfordring at det unike kultur- og lyngheilandskapet i Lindås og Austrheim er i ferd med å gro igjen, som konsekvens av redusert aktivitet i landbruket.

# UTFORDRINGAR OG MOGLEGHEITER FRAM MOT 2015

## Moglegheiter

### CO2-satsing og månelanding

Nasjonalt og internasjonalt gror det fram ei betydeleg satsing rundt klima og miljø. Overgang til fornybare energikjelder er ei målsetting, men framleis vil verda vera avhengig av olje og gass i lang tid. I Noreg vert det satsa milliardar på utvikling av fangstanlegg for CO<sub>2</sub>, og eit anlegg på Mongstad kan verta nasjonal og internasjonalt banebrytande. Det er store moglegheiter knytt til den direkte utviklinga og utbygginga av anlegget, men minst like viktig er dei langsiktige moglegheitene som ligg i å få denne teknologien og kompetansen til Mongstad. Mongstad kan på sikt utviklast til å bli eit internasjonalt CO<sub>2</sub>-knutepunkt, som har kompetanse og aktivitet som strekker seg over heile verdikjeda innan CO<sub>2</sub>-håndtering (Fangst, transport og lagring), samt bruk av CO<sub>2</sub>.

### Regional hamn

Det blir for tida arbeidd med å peike ut kva hamn som skal vere den nye regionale storhamna i Bergensregionen. Mongstad er ein av kandidatane i samarbeid med CCB og Bergen indre hamn. Hamna på Mongstad er allereie ei internasjonal hamn med godt utvikla infrastruktur, det å legge ny storhamn til Mongstad vil gje synergieffektar ikkje berre til andre verksemder i området, men også vere med å utvikle logistikkmiljøet i heile Bergensregionen. Ein vil få ei styrking av kommunane sine logistikkmiljø og skapa eit knutepunkt mellom sjø og land.

### Større bu- og arbeidsmarknadsregion

Nærleiken til Bergen er ein styrke kommunane, særskilt Lindås. Når ein kan inngå i same bu- og arbeidsmarknad som nabokommunane tyder dette ein auka fleksibilitet for næringsliv og innbyggjarar. Sentrale infrastrukturprosjekt som Nyborgtunnelen vil utvide denne arbeidsmarknadsregionen, og gjere Nordhordland ytterlegare attraktiv som bustadregion. Auka innbyggartal er sentralt for utvikling innanfor tenesteytande næringar, og vil vera med å sikre grunnlag for eit auka tenestetilbod i regionen.

### Reiseliv- og opplevingsnæring i vekst

Nordhordland har lite utbygd infrastruktur for reiseliv. Det er få overnattingstader og få tilrettelagde opplevingsstilbod. Vakker natur, rikt kulturliv og spennande historie bør kunne utnyttast i langt større grad. Aktiviteten på Mongstad og næringslivet elles har også eit unytta potensiale, blant anna når det gjeld hotell/ overnatting. Det ligg eit stort potensial i ei samling av reiselivskreftene/ aktørane, opparbeiding av infrastrukturen og synleggjering av regionen. Dette vil også vera positivt i høve å utvikla Lindås og Austrheim som bustadregion.

# Trugslar

## Aukande internasjonal konkurranse

Raffineriet på Mongstad, som er den store kjerneverksemda på Mongstad, går utfordrande år i møte. Den seinare tid har ein sett ei negativ marginutvikling i raffineringsindustrien, samtidig som ny raffineringskapasitet blir bygd opp i Asia. Fokus for raffineriet på Mongstad vil i tida framover i hovudsak vere kostnadseffektivisering og auka verdiskaping. Dette kan også bli ein trussel for det lokale næringslivet og leverandørindustrien utanfor Statoil Mongstad. I tillegg kan det oppstå aukande internasjonal konkurranse om vedlikehaldskontraktar. Dette stiller nye krav til den lokale leverandørindustrien.

## Usikkerheit knytt til CO2-satsinga på Mongstad

I 2006 lanserte statsminister Jens Stoltenberg CO2-månelandinga på Mongstad. Noreg skal bli verdsleiande innan CO2-fangst, transport og lagring, og utgangspunkt for satsinga skal skje på Mongstad. Målet var å bygge fullskalaanlegg til 2014 med reinsing av varmekraftverket, men avgjerda om å bygge fullskalaanlegg har vore utsett fleire gonger. Det har vore store politiske diskusjonar til heile prosjektet, både når det gjeld riktig teknologi og om kostnadane. Bygginga av Teknologisenteret TCM går etter planen og skal stå ferdig i 2012. Avgjerda om å investere i eit fullskalaanlegg på Mongstad blei i februar 2011 utsett til 2016, den andre utsetjinga på under eitt år. Det er sterke politiske krefter og fagmiljø som ynskjer å satse på fullskala reinsing av gasskraftverk ein anna stad i landet.

## Nasjonal konkurranse om baseverksemd for Sør-Noreg

Ein har i dag ei rekkje hamner som fungerer som basar for offshoreaktiviteten i Nordsjøen og Norskehavet. Tre av desse hamnene ligg på eit relativt lite geografisk område i Hordaland og Sogn og Fjordane. Med ei gradvis nedtrapping på den norske sokkelen, og auka fokus på effektivisering, er det truleg at nokre av desse basane vil verta avvikla. Framover må ein sjå på korleis Mongstadbase skal utviklast og styrkast i høve til dei andre baseverksemdene på Vestlandet.

## Generasjonsskifte og rekrutteringsproblem

Mange av dei bedriftene som starta opp i Lindås og Austrheim på 70- og 80-talet er i no inne i eit generasjonsskifte og gründerane er på veg ut. Ein må passa på å få utvikla dei kreftene som trengs for å drive desse bedriftene vidare. Mellom anna må ein sikre rekruttering av personar med høgare utdanning, som skal vere med å legge grunnlag for nye verksemdar.

## Restriksjonar i strandsona

Austrheim og Lindås har ei langstrakt kystlinje som er attraktiv både i høve bustadbygging, næringsutvikling og turisme. Rikspolitiske retningsliner gjev unødige tunge føringar på utvikling av denne ressursen som strandsona utgjer. Kommunane manglar godkjende planar i strandsona, noko som gjer betre utnytting av kystlinja vanskeleg.

## DEL 2 - STRATEGISK DEL

### Overordna mål for næringsarbeidet

Lindås og Austrheim har i samarbeid med 18 andre kommunar vedtatt ein strategisk næringsplan for Bergensregionen med følgjande hovudmål: ***Bergensregionen skal innan 2025 vere leiande i Noreg på kunnskapsbasert, berekraftig utvikling innan dei næringar kor regionen har spesielle fortrinn.***

Kommunane Lindås og Austrheim har utarbeidd ein felles strategisk næringsplan som støttar opp om overordna mål for Bergensregionen. Kommunane skal i tett samhandling med sentrale aktørar lokalt, regionalt og nasjonalt, medverke aktivt til at Nordhordland og Bergensregionen utviklar seg til å verta ein berekraftig og dynamisk vekstregion.

#### Overordna mål for næringsarbeidet i Lindås og Austrheim:

- Mongstad skal vidareutviklast som eit internasjonalt leiande industri- og kompetansecluster innan petroleum, energi og industri.
- Nordhordland og Bergensregionen skal verta eit internasjonalt kompetansesenter innan reinseteknologi for CO2 og annan miljøteknologi.
- Nordhordland skal styrkast og synleggjerast som eit leiande logistikknutepunkt i Europa.
- Nordhordland skal verta ein attraktiv og føretrekt region for busetting og oppleving.
- Lindås og Austrheim skal vere blant landets fremste næringskommunar.

#### Grunngjeving for målet

Bergensregionen har som målsetting å bli ein leiande region i Europa innan forskning, bærekraftig utvikling og foredling av energiresursar. Mongstad spelar ei heilt sentral rolle i å redusere utslepp av klimagassar, og vil gjennom storsatsinga på CO2-fangst bli ein sentral aktør innanfor reinseteknologi. Denne kunnskapen må ytterlegare forsterkast og byggast vidare på for å realisere enda fleire ringverknader av dette.

Mongstad er samstundes meir enn CO2-satsinga å by på (Carbon Capture and Storage). Området er allereie i dag eit sentralt logistikk-knutepunkt, og gjennom målsettinga om å bli eit europeisk logistikk-knutepunkt vil vi være med å legge til rette for å utvide det samla miljøet til beste for heile Bergensregionen.

Næringslivet er avhengig av at regionen har eit attraktivt bu- og tenestetilbod, dels for å rekruttere å halde på den rette arbeidskrafta, men også for å ha ein velfungerande marknad for varer og tenester. Gjennom målsettinga vil vi signalisere ei vilje til å bygge ein framtidsetta infrastruktur som er med å gjere regionen til førsteval både for opplevingar og busetting.

## Resultatmål:

For å vurdere effekten av arbeidet med strategisk næringsplan, skal ein måle resultat i høve til følgjande tre område;

- **Syssetting** – utvikling i netto tilvekst av arbeidsplassar i næringslivet generelt og i Mongstad-området spesielt. Ein viktig indikator er netto vekst av arbeidsplassar som krev høgare utdanning.
- **Nyetableringar** – utvikling i netto tilvekst av bedrifter i næringslivet generelt og i Mongstad-området spesielt. Ein viktig indikator er netto vekst av verksemder som kan tilby arbeidsplassar for folk med høgare utdanning.
- **Folketalsvekst** i Lindås og Austrheim spesielt og Nordhordland generelt.

Veksten skal vere positiv og skal vere på lik linje som resten av Bergensregionen. Resultata skal vurderast både isolert og sett i relasjon til utviklinga i resten av Bergensregionen. 2010 skal nyttast som basisår.

# STRATEGIAR

Når målsettinga for det næringspolitiske arbeidet i Austrheim og Lindås er sett, blir neste spørsmål å finne kva for hovudvegval som best leier frå utgangspunktet til målet – det vil seie strategivala. Gjennom prosessmøta med referansegruppa er det definert fire hovudstrategiar som skal medverke til at målet vert nådd;

## Ny industrireiseing på Mongstad

Industriaktiviteten på Mongstad er ved eit vegskilje. Delar av den tradisjonelle aktiviteten kan ventast å få mindre utviklingskraft i åra som kjem. Samstundes ligg det moglegheiter til fornya vekst i forretningsområde knytt til å utvikle kommersiell reinseteknologi, industriell optimalisering og vidareutvikling av teknologi for produksjon og foredling av energiresursar og transport og lagring av CO<sub>2</sub> (CCS).

Mongstad har også stort potensiale for vidare utvikling innanfor logistikk, og gjennom denne strategien vil ein arbeide aktivt for å forsterke baseområdet og sikre lokalisering av Bergensregionens nye regionhamn til Mongstad.

Mongstad må framleis ha ei rolle som ein tung industriaktør i Noreg. I dette arbeidet må ein søke etter å utvikle entreprenørskap i eksisterande næringsliv og heve kompetansen i bedriftene og befolkninga elles. Den industrielle infrastrukturen i regionen må også utviklast vidare, mellom anna for å kunne utnytte råvarene som er knytt opp mot aktiviteten på Mongstad (naturgass, spillvarme, CO<sub>2</sub> etc.)

## Ein synleg og tydeleg region

Nordhordland som region og kommunane Lindås og Austrheim er lite kjend - til og med i Bergen. Det er vidare ei viktig problemstilling kva omdømme området har. Mongstad er kanskje



den mest kjende "merkevaren" i regionen, og Mongstads omdømme vil også ha stor tyding for Lindås og Austrheim sitt omdømme. Månelandingsprosjektet vil gje ein viktig posisjon i miljøsamanheng.

Det er viktig for kommunane å bygga gode alliansepartnarar regionalt og nasjonalt både for å gjera området kjend, men også for å kunne påverka diskusjonen om Mongstad. Generelt bør ein skryta meir av området og bygga opp omdømmet. Ikkje berre av næringslivet, men heilskapen i kommunane: kulturliv, natur, skuletilbod etc. Kommunane og regionen manglar ein tydeleg profil, og eit arbeidsfellesskap som fokuserer på dette.

Ein måte å gjera regionen kjent, og styrka omdømmet, er å bygga vidare på aktivitetar og kvalitetar som er unike og som skapar begeistring utanfor kommunegrensene. Til dømes kan ein bygge identitet rundt arrangement som Havsportveka og Knarvikmila.

Som det tidlegare har vore nemnd har regionen mange aktørar og organisasjonar som har påverknad på nærings- og samfunnsutviklinga. Dette er både ein moglegheit og ein trussel. Det er mange som kan gjere ein god jobb, men samstundes mange som har sin eigen agenda å følgje. Det overordna perspektivet kan forsvinne i dei mange (små) diskusjonane og det er ein fare for at ein tenker for smått.

Regionen må skaffe seg sterkare verktøy for næringsutvikling, og samle utviklingskrafta å få endå meir igjen for innsatsen. Det må gjerast strategiske i høve til kva for alliansepartnarar ein skal ha og korleis skal ein bygge alliansar med desse aktørane.

## Ein attraktiv bu- og opplevingsregion

Bustad og næringsutviklinga i dei to kommunane må sjåast i samanheng med resten av Bergensregionen. Det er ein føremon for bedriftene at arbeidskrafta ikkje er pendlarar, men slår seg til ro i regionen. For å få folk til å slå seg ned er det viktig at kommunane kan tilby "jobb nummer to", altså jobb til begge partar i eit forhold. Lindås og Austrheim må difor synleggjera mangfaldet av arbeidsplassar som er i kommunane, og det inkluderer også kommunen i seg sjølv som arbeidsgjevar. Ei slik synleggjering må skje i eit samspel mellom næringsliv og kommune.

Lindås og Austrheim må også kunne tilby eit attraktivt utdanningstilbod. Dei vidaregåande skulane er i dag sterke på fagretta utdanning, men må likevel styrkjast med tanke på linjeval og kapasitet. Ein må også sjå på moglegheitene for å få høgare utdanning til regionen, gjerne i samarbeid med UiB eller høgskulen i Bergen. I samband med dette bør ein også tiltrekka seg fleire bedrifter som tilbyr jobbar for folk med høg utdanning.

For å få folk til å slå seg ned i Austrheim og Lindås må det ikkje berre vera attraktive jobbar og god utdanning - det må også vera attraktivt å bu og leva. Knarvik er i dag eit sterkt senter, men må styrkast kvalitativt samstundes som tenestetilbodet må utvidast.

Også dei andre senterområda i kommunane må styrkast både i høve kvalitet og tenestetilbod. Dette fordrar ei styrt og balansert utvikling som hindrar at enkelte områder blir utarma på kostnad av satsinga i andre senterområde. Denne utfordringa er mellom anna knytt til varehandel utanfor senterområda. For å få til ei god utvikling må ein sikra tilgang til nærings- og bustadareal, også langs kystlinja. Ein god dialog med Fylkesmann er naudsynt i denne samanheng. Dette må kommunane også vektlegga under rullering av kommuneplanane.

Fortettinga som ein i dag ser spreier seg ut frå Bergen vil også koma til Nordhordland. Mange opplever tidsklemma og ein stressa kvardag, folk vil bruka minst mogleg tid på reise til og frå jobb. Fortetting kan med fordel skje i etablerte senterområde, men klyngetun er også ei form for fortetting som vil kunne fungere i meir perifere delar av regionen.

Å skapa kvalitet i utviklinga dreier seg mellom anna å utvikle positive kjensler rundt stader og opplevingar. Til dømes er det ei viktig oppgåve å stoppe gjengroinga og ta vare på kulturlandskapet. Eit aktivt landbruk er viktig i den samanheng, og tiltak må setjast i verk for å styrke næringsgrunnlaget både for heiltids- og deltidsbonden. Mongstad har også eit potensiale for utvikling av opplevingar, mellom anna gjennom industriturisme og utnytting av Mongstad som opplevingssenter, til dømes kulturpark og badeanlegg. I tillegg er det opplagt at nærleiken til sjøen og havet har eit stort utviklingspotensial. Når det gjeld å utvikle ei opplevingsnæring i regionen må reiselivet ha ei viktig rolle, og dei må derfor sterkare på banen framover.

## **Aktivt, positiv vertskap**

Lindås og Austrheim må ta mål av seg å bli ja-kommunar som gir utviklingsrom for nye og eksisterande bedrifter. Det må vera eit tilstrekkeleg tilbod av næringsareal i alle delar av kommunane, samt ein god infrastruktur som gjer det attraktivt å etablere seg her. Det er i tillegg svært viktig for regionen at den står fram som eit aktivt og positivt vertskap. Dette gjeld både i høve Mongstad-satsinga, synleggjering av regionen og å skapa ein attraktiv bu- og opplevingsregion. Dette inneberer mellom anna eit høgt servicenivå og ei pådrivarrolle. Næringslivet må også vera pådrivar i bygging av nærmiljøet, og vera budd på å delta i spleiselag for å nå felles mål.

Som vertskap må Lindås og Austrheim vera opne for eksterne impulsar, både når det gjeld næring og kultur. Ein må få meir kompetanse knytt til næringsutvikling generelt og til satsingsområda i kommunane spesielt.

Som del av vertskapsrolla bør det satsast på å utvikle fleire grundarar. Det må utviklast ei forståing av at det er gode moglegheiter for å utvikla eigne verksemder i regionen, og at kommune og næringsliv støttar opp om nyskaping. Det bør etablerast ein møteplass mellom kommune, næring og utdanning der gode idear vert gjødsla.

## **Organisering av næringsarbeid og oppfølging av plan**

Felles strategisk næringsplan er eit overordna samarbeidsdokument for Lindås og Austrheim, og kommunane har ein sterk ambisjon om å vidareutvikle det positive samarbeidet som no er etablert. Felles næringsssjef/samfunnsutviklar vil spele ei sentral rolle i oppfølging og koordinering av næringsplanen. Når det gjeld ressursar til prioriterte prosjekt og organisering av næringsarbeidet, skal dette takast opp i samband med budsjettprosess i begge kommunar.

## **EVALUERING**

Planen har ein tidshorisont som strekker seg mot 2020. Den strategiske delen skal ligge fast fram mot 2015, medan Handlingsprogrammet skal rullerast kvart 2.år, første gang etter vinteren 2013.

# DEL 3 – HANDLINGSPROGRAM 2011-2013

Handlingsprogrammet er den handlingsretta delen av Strategisk næringsplan, og sikrar at mål og strategiar vert fylgd opp gjennom konkret handling. Denne delen av planen vil vera konkret og handlingsorientert, og medan den strategiske delen er meint å ligge fast for ein 4-års periode, er handlingsprogrammet tenkt rullert kvart andre år. Følgjande tiltak og aktivitetar vert prioritert i den første handlingsprogramperioden;

## Strategi 1: Ny industrireising på Mongstad

For å få til ny og framtidretta industrireising på Mongstad er det sett opp fem innsatsområde i handlingsprogrammet:

### A) CO2-satsinga på Mongstad

I Noreg vert det satsa milliardar på utvikling av fangstanlegg, og eit anlegg på Mongstad kan verta nasjonal og internasjonalt banebrytande. Det er store moglegheiter knytt til den direkte utviklinga og utbygginga av anlegget, men minst like viktig er dei langsiktige moglegheitene som ligg i å få denne teknologien og kompetansen til Mongstad. Mongstad kan på sikt utviklast til å bli eit internasjonalt CO2-knutepunkt, som har kompetanse og aktivitet som strekker seg over heile verdikjeda innan CO2-håndtering (Fangst, transport og lagring) ,samt industriell bruk av CO2.

### Tiltak/aktivitetar:

Kommunane Lindås og Austrheim skal:

- bidra aktivt i arbeidet med å gjere Teknologisenter Mongstad (TCM) til eit internasjonalt senter og knutepunkt for CO2-reinseteknologi. (Tiltak 19 i strategisk næringsplan for Bergensregionen)
- ta ei leiande rolle i vidareføringa av det regionale Mongstadprosjektet, og skal mellom anna jobbe målretta med å etablere eit CCS Kompetanse- og næringsutviklingssenter på Mongstad.
- i tett samhandling med forskings- og utdanningsmiljø i Bergensregionen jobbe for å etablere FoU-miljø på Mongstad knytt til aktiviteten på TCM.
- jobbe aktivt for at prosjektet med fullskalareinseanlegg på Mongstad blir realisert.
- støtte prosjekt og initiativ som bidrar til CO2 kan nyttast som eit råstoff og ein ressurs i ny næringsutvikling.
- ta initiativ til ein konferanse/møteplass på Mongstad med CO2 og klima som tema.

### B) Nyskaping og entreprenørskap

Ny industrireising på Mongstad krev etablering av nye verksemder og satsing på nye forretningsmuligheiter. Kommunane ynskjer å legge til rette for nye næringar på Mongstad og bidra til å etablere ein breiare næringsstruktur utanom petroleumsindustrien. I tillegg til nyetableringar er det viktig å satse på entreprenørskap i eksisterande verksemder. Verksemdene og arbeidsfolka i Mongstad-området har ein unik industriell kompetanse som kan brukast til ny industriutvikling. Skal vi få til det, må vi lage nettverk og utviklingsmiljø som kan bidra til å løfte fram nye forretningsmuligheiter. Mongstad har også store mengder overskotsenergi som kan nyttast til energieffektivisering og ny næringsutvikling, men det krev investeringar i industriell infrastruktur for å få det på nytta energien.

### **Tiltak/aktivitetar:**

Kommunane Lindås og Austrheim skal:

- ta ei leiande rolle i det å etablere ein industriinkubator (Siva-konsept) på Mongstad, og vere ein pådrivar i oppstartsfase og vidareutvikling av inkubatoren.
- bidra til å etablere eit bedriftsnettverk av sentrale aktørar på Mongstad og i Sløvåg, med mål om auka samarbeid og vidareutvikling av verksemdene. I tillegg ynskjer kommunane å etablere eit politisk møtefora mellom verksemdar og lokale politikarar for å fange opp viktige nærings saker, som kan ha stor betydning for vidare vekst og utvikling (døme: flytting røyrlager på Mongstadbase)
- arbeide aktivt med å vidareutvikle den industrielle infrastrukturen i området, mellom anna for å kunne utnytte råvarene som er knytt opp mot aktiviteten på Mongstad (naturgass, spillvarme, CO<sup>2</sup> osv.) I dette arbeidet skal kommunane arbeide inn mot sentrale politikarar og styresmakter for å få på plass nasjonale miljø- og finansieringsordningar for bygging av industriell infrastruktur.
- hjelpe verksemdar aktivt med informasjon om utviklingsmuligheiter innanfor det offentlege verkemiddelapparatet. Til dømes Innovasjon Noreg, Fylkeskommunen og Fylkeskommunen har ei rekkje utviklingsprogram som kan nyttast i vidareutvikling og nyskaping i eksisterande verksemdar.
- arbeide for at Mongstad Næringshage framleis skal vera ein aktør innan næringsutvikling, nyetablering og gründerverksemd i regionen.

### **C) Logistikk og hamn**

Fensfjorden med Mongstad og Sløvåg er eit strategisk viktig industriområde i nasjonal samanheng, som er attraktivt for utvikling og vekst. Det er derfor viktig at området blir utnytta på best mogleg måte i eit samspel mellom industri, næring, oppleving, busetting, fritid osv. Kommunane har eit ansvar for å sjå på heilskapen i ei slik utvikling. Plassering av ny storhamn til Mongstad vil vere svært viktig for vidare vekst i området og vil opne opp for nye næringar og funksjonar. Ei slik avgjerd vil også styrke posisjonen til forsyningsbasen og leverandørindustrien på Mongstad Sør. Uavhengig av avgjerda om storhamn er viktig for industrien på Mongstad å ha tilgang til sjøareal og fleksibel kaikapasitet, Mongstad må derfor sikre seg at området har tilstrekkeleg med kai-kapasitet til å ta imot aktørar som ynskjer å satse innanfor ulike næringar.

### **Tiltak/aktivitetar:**

Kommunane Lindås og Austrheim skal:

- jobbe aktivt og målretta for at Mongstad vert ny framtidig storhamn for godstrafikk i Bergensregionen, enten åleine eller som ein del av eit større samarbeid.
- bidra aktivt i arbeidet med ein interkommunal kommunedelplan for Fensfjordområdet. Planen skal bidra til å utnytte Mongstad og Sløvåg sitt potensiale som nasjonalt og regionalt industri-, og utviklingsområde, og skal utarbeidast i samarbeid med kommunane Gulen, Fedje og Masfjorden.
- bidra aktivt til auke kai-kapasiteten på Mongstad, slik at nye næringsaktørar som krev det, får tilgang til sjø og kai ut frå dei behova verksemdene har. Mellom anna skal kommunane vere ein pådrivar for vidare utbygging av kaien til Bergen og Omland hamnevesen.
- bidra aktivt til å styrke posisjonen og aktiviteten til forsyningsbasen Mongstadbase og den tilhøyrande leverandørindustrien på Mongstad Sør.

## **D) Infrastruktur**

Lindås og Austrheim har i nye kommunedelplanar i 2010 lagt ut nær 2800 dekar med næringsareal i Mongstad-området. Dette er eit viktig tiltak for ei vidareutvikling av Mongstad-området og Nordhordland. Det er også viktig at dette blir synleggjort og gjort kjend regionalt og nasjonalt. I tillegg er det avgjerande å legge til rette for god infrastruktur til eksisterande og nye næringsområde, til dømes å bygge ut system som sikrar god kapasitet på drikke- og industrivatn. Lindås kommune leverer store mengder vatn til eigne innbyggjarar, Austrheim kommune, Mongstad-industrien og offshore via Mongstad Sør. Leveringssituasjonen i dag er ikkje god nok og kommunen har ikkje tilfredstillande leveringstryggleik i form av ei reserveforsyning.

Realisering av Nordhordlandspakken med Nyborgstunnel og ei "statusheving" av FV 57 er heilt sentrale infrastrukturtiltak for vidareutvikling av Nordhordland. På lengre sikt skal også kommunane sjå på moglegheitene for å bygge jernbane til Mongstad, samt bidra i arbeidet med å etablere eit tverssamband (Gullvegen) frå Nordhordland via Askøy til Kollsnes i Øygarden.

### **Tiltak/aktivitetar:**

Kommunane Lindås og Austrheim skal :

- aktivt marknadsføre tilgjengeleg næringsareal i Mongstad-området og bidra til å sikre god infrastruktur til dei nye næringsområda. Det skal utarbeidast marknadsføringsmaterieil som kan synleggjera næringsareala inn mot dei rette aktørane regional og nasjonalt. I dette arbeidet er det viktig å samkjøre med det regionale næringsarealprosjektet til Business Region Bergen. (Tiltak 2 i strategisk næringsplan for Bergensregionen)
- arbeide for å etablere eit interkommunalt samarbeid som bidreg til framtidretta kapasitet og forsyningstryggleik på drikke- og industrivassida. Forsyningstryggleiken må betrast gjennom vidare utbygging og samankopling av leidningsnett mellom kommunane.
- vere ein aktiv pådrivar for at FV57 frå Knarvik til Mongstad vert omklassifisert til riksveg. Vegen fram til eitt av landets viktigaste industriområde må ha ei nasjonal prioritering, det gjeld også tilkomst frå Austrheim og frå Sogn og Fjordane. I tillegg må det etablerast betre trafikktryggleik på FV 57 og det skal vere samanhengande gang- og sykkelveg mellom Knarvik og Mongstad.
- bidra sterkt til at Nordhordlandspakken vert realiserast. Nyborgstunnel med tilhøyrande veglegg mot Knarvik må på plass, det same gjeld ny vegløyning frå Knarvik over Radøy.

## **E) Skule, utdanning og kunnskapsdriven næringsutvikling**

Kompetansedreven næringsutvikling basert på samarbeid mellom næringsliv, utdanningsaktørar og det offentlege er viktig i framtidig næringsutvikling. Lindås og Austrheim treng fleire verksemder og aktørar som etterspør arbeidskraft med lang utdanning, dette gjeld både innan privat og offentleg verksemd. Fleire kunnskapsarbeidsplassar vil gjere området meir attraktivt for folk med høgare utdanning. I tillegg er det viktig å oppretthalde og vidareutvikle den sterke posisjonen kommunane har knytt til personell med fagutdanning.

### **Tiltak/aktivitetar:**

Kommunane Lindås og Austrheim skal:

- vere aktiv samarbeidspartnar og pådrivar i forhold til å oppretthalde og styrke det gode samarbeidet mellom skule og næringsliv i regionen.
- bidra til å oppretthalde Hordalandsavtalen som gjer at elevgrunnet for Austrheim Vidaregåande skule vert styrka.
- i tett samarbeid med næringa i Mongstad-området vurdere eit samarbeid om eit Newtonrom på Mongstad. Eit Newtonrom kan bidra til å synleggjera kjernekompetanse i området.

- vere ein aktiv pådrivar for å etablere aktuelle høgskuletilbod i Mongstad-området knytt til dei kompetansebehov som industri og næring har. I tillegg skal kommunane jobbe målretta med å få på plass fleire kunnskapsarbeidsplassar som krev høgare utdanning.
- ta initiativ til å få fram idear og samarbeidsprosjekt som kan danne grunnlag for klyngeutvikling, klyngesamarbeid eller anna bedriftsretta forskings- og utviklingsarbeid i Mongstad-området. Kommunane skal vurdere å sjå på ulike bedriftsretta klyngeprogram som ARENA og NCE.

## Strategi 2: Ein synleg og tydeleg region

Lindås og Austrheim og Nordhordland må bli meir synleg og tydeleg region, og er det sett opp tre innsatsområde:

### A) Allianse- og nettverksbygging i Bergensregionen

Kommunane er i dag med i det regionale samarbeidet Business Region Bergen, kor 20 kommunar har vedtatt ein felles strategisk næringsplan for Bergensregionen. For å få til ei god og framtidretta utvikling i Bergensregionen er det viktig med eit overordna regionalt samarbeid, og Lindås og Austrheim støttar aktivt opp om Business Region Bergen. Men i eit regionalt samarbeid er det også viktig å vere synleg på eigne kvalitetar og bygge eigen identitet, det er noko Lindås og Austrheim ynskjer prioritere høgt i åra framover. Kommunane ynskjer å synleggjere at Mongstad-området og kommunane Lindås og Austrheim er eit strategisk viktig område for Bergensregionen og Hordaland Fylke. For å få til dette, er det viktig at kommunane jobbar målretta med regional allianse- og nettverksbygging.

#### Tiltak/aktivitetar:

##### Kommunane Lindås og Austrheim skal:

- ha ein tettare og meir aktiv dialog med leiinga i Bergen kommune, Hordaland Fylkeskommune, Business Region Bergen og Fylkesmannen i Hordaland. I tillegg skal kommunane samarbeide tett med andre kommunar i Business Region Bergen, både strategisk og i enkeltsaker.
- vere aktivt med i det overordna politiske nettverket Bergensalliansen. I tillegg skal kommunane styrke sin posisjon og synleggjere seg meir aktivt i Business Region Bergen.
- skal aktivt bruke nærings- og interesseorganisasjonar som til dømes Bergen Næringsråd, HOG Energi og Business Region Bergen til løfte fram viktige saker regionalt og nasjonalt. I tillegg skal kommunane vere synleg i aktuelle næringsnettverk i Bergensregionen og vere ein ambassadør for næringslivet på Mongstad og i Nordhordland.
- synleggjere Mongstad-området og Nordhordland som eit attraktivt område for investeringar innan næring, industri, kunnskap, oppleving og fritid.

### B) Aktiv og synleg i nasjonale og internasjonale nettverk

Mongstad er viktig i nasjonal og internasjonal samanheng, og kommunane Lindås og Austrheim får mange positive synergieffektar med dei mange store utbyggingane. Men det å vere vertskommunar for eit nasjonalt industriområde er også krevjande for mindre kommunar som Lindås og Austrheim. Kommunane har ei rekkje utfordringar med Mongstad-området som krev store investeringar, til dømes vassforsyning og tilrettelegging av fjernvarme. Dette er investeringar kommunane ikkje kan ta åleine. Mongstad er i dag vår fremste "internasjonale merkevare" og dette bør kommunane og Nordhordland bruke meir målretta i marknadsføring. CO2-satsinga har stor internasjonal interesse og Teknologisenteret på (TCM) tar imot fleire utanlandske delegasjonar kvar veke. Denne interessa kan nyttast til å styrke omdøme til Mongstad og kommunane.

#### Tiltak/aktivitetar:

Kommunane Lindås og Austrheim skal:

- jobbe meir målretta med synleggjere utfordringane med det å vere vertskommune for store ilandføringsanlegg for olje og gass. Det betyr mellom anna at kommunane, i samarbeid med andre aktørar i Bergensregionen, må visa seg oftare på Stortinget, samt bruka "eigne" stortingsrepresentantar meir målretta.

- vere ein aktiv pådrivar for å etablere eit nasjonalt nettverk av petroleumskommunar, det skal vere eit interessenetttverk som skal jobbe for interessene til kommunar med ilandføringsanlegg for olje og gass.
- gjennomføre ei kartlegging av sentrale nasjonale nettverk kor kommunane bør bli meir synleg.
- aktivt bruke Vest-Norges Brusselkontor for innhente informasjon om internasjonale forhold som kommunane og næringslivet i Nordhordland kan ha nytte av, til dømes deltaking i ulike EU-program.

### **C) Profilering, kommunikasjon, merkevarebygging og omdøme**

Det er viktig for kommunane å bygga gode alliansepartnarar regionalt og nasjonalt både for å gjera området kjend, men også for å kunne påverka diskusjonen om Mongstad. Generelt bør ein skryta meir av området og bygga opp omdømmet. Ikkje berre av næringslivet, men heilskapen i kommunane: kulturliv, natur, skuletilbod etc. Kommunane og regionen manglar ein tydeleg profil, og eit arbeidsfellesskap som fokuserer på dette. Det er naturleg at kommunane Lindås og Austrheim tek ei aktiv og leiande rolle når det gjeld profilering og marknadsføring av Mongstad spesielt, men også ha eit tett samarbeid med kommunane i Nordhordland om ei overordna profilering av regionen.

#### **Tiltak/aktivitetar:**

Kommunane Lindås og Austrheim skal:

- utarbeide ein merkevareplattform for Mongstad og regionen (Mongstad-profilen) i tett samarbeid med sentrale aktørar frå næringsliv og det offentlege.
- bidra i arbeidet med å utvikle ei internasjonal og nasjonal nettside som kan brukast til profilering og informasjon om Mongstad, samt lage ein profileringsfilm om Mongstad.
- samarbeide med Regionrådet i Nordhordland om ei overordna profilering av Nordhordland.
- gjennomføre ei omdømekartlegging av Mongstad.
- etablere ein Mongstadkonferanse med fokus på kommunane og det offentlege si rolle som samfunnsbygger. Viktige stikkord er regional omdømebygging, busetting, turisme og oppleving, entreprenørskap, profilering og næringsutvikling.
- vere meir synleg overfor ungdom og studentar. I samarbeid med næringslivet, sjå på moglegheit for å etablere ei "informasjonsgruppe" som er til stades på utdanningsmesser og karrieredagar ulike stader i landet.
- ta initiativ til ein "skrytefestival" eller ein "Manifestasjon Nordhordland" som skal bidra til å vise fram kvalitetane til kommunane og regionen. Viktig stikkord: " Det er lov å skryta av oss sjølv"
- samarbeide tett med Business Region Bergen om ei felles overordna profilering av heile Bergensregionen.
- sjå på eit samarbeid med næringslivet når det gjeld besøk av internasjonale delegasjonar til regionen.
- i samarbeid med næringslivet etablere ei nettside for Nordhordland med fokus på næring og næringsutvikling.
- arbeide aktivt for å synleggjera strategiar og aktivitetar i lokale, regionale og nasjonale media.



## Strategi 3: Ein attraktiv bu- og opplevingsregion

For å utvikle ein attraktiv bu- og opplevingsregion er det sett opp seks innsatsområde i handlingsprogrammet:

### A) Heilskapeleg areal- og næringsutvikling i Austrheim/Lindås

Det er viktig at Lindås og Austrheim legg opp til eit heilskapeleg fokus rundt utvikling av næringsareal, senterstruktur og bygging av bustadar. Det bør spesielt sjåast på aksen frå Knarvik til Mastrevik. Det er viktig at vi får ei god og balansert senterutvikling med Knarvik som eit regionsenter. For å legge opp til ei heilskapeleg næringsutvikling frå Bergen til Mastrevik, og for å tiltrekke fleire næringsaktørar til å etablere seg i Nordhordland, er det også viktig å sette av tilstrekkeleg med næringsareal i sørre del av Lindås.

#### Tiltak/aktivitetar:

Kommunane Lindås og Austrheim skal:

- etablere eit fellesprosjekt som ser på heilskapeleg nærings-, senter- og bustadutvikling frå Knarvik til Mastrevik.
- jobbe for at det blir lokalisert større næringsområde langs aksane E39 og FV57 innafor 15 minuttar kjøring frå Knarvik.

### B) Reiseliv, turisme, oppleving og aktivitetar

Større aktivitet i og rundt Mongstad-området er eit viktig mål for kommunane. Kommunane ynskjer å tiltrekke seg nye verksemder og attraktiv arbeidskraft, og målet er at fleire ynskjer busette seg i området. Skal vi får til det, må vi bygge opp gode og attraktive tilbod til born og vaksne. Reiselivet i Nordhordland har eit stort utviklingspotensial og det må satsast meir målretta på å marknadsføre dei unike kvalitetane, dette gjeld spesielt opplevingar og aktivitetar knytt til hav, kyst og natur. Regionen må også bli flinkare til å bruke "fyrtårnarrangement" som Knarvikmila og Havsportveka i overordna marknadsføring av regionen. Skal Nordhordland bli ein synleg reiselivsdestinasjon må regionen ha ein profesjonell og målretta reiselivsstrategi i tett samspel med Bergensregionen og sentrale regionale reiselivsaktørar. Det er viktig å få på plass ein infrastruktur og organisasjon/ nettverk som kan handtere dette og gjera reiseliv til ei levedyktig næring. Det må også vere ein ambisjon at Nordhordland er med i NCE Fjord Tourism. I tillegg bør kommunane satse på opplevingsturisme som er spesielt for regionen, til dømes industriturisme på Mongstad. Store industrielle anlegg, med avansert ingeniørkunst er blitt eit interessant reisemål for ulike målgrupper.

#### Tiltak/aktivitetar:

Kommunane Lindås og Austrheim skal:

- bidra aktivt i arbeidet med å etablere ein ny og framtidretta reiselivsstrategi for Nordhordland.
- bidra aktivt i vidareutvikling av "fyrtårnarrangement" som Knarvikmila og Havsportveka, og bruke dei meir aktivt i profilering av kommunane og regionen.
- bidra aktivt i vidareutvikling av konseptet med Mongstad Energy Roundtrip (industriturisme). Technical Visits er ei nisje innanfor reiselivet som er i vekst og med raffineri, hamn og industri har Mongstad eit stort fortrinn. Kommunane ynskjer å utvide konseptet til andre reisemål og aktivitetar i regionen og skal samarbeide tett med aktørane for å vidareutvikle konseptet.
- ta fram igjen prosjektet med "Mongstadbadet" til ny gjennomgang og vurdering. I tillegg skal kommunane også vurdere å gå vidare med mulighetsanalysen "Mongstad kulturpark", ein analyse som gjev eit omfattande bilde på kva som mulig å få til på Mongstad.

### **C) Landbruk**

Landbruket er ein viktig næring for Lindås, Austrheim og for heile Nordhordland, og det er spesielt viktig at fokuset på næringsutvikling blir løfta fram. Ei aktiv landbruksnæring er også ein viktig føresetnad for aktiv landskapsrøkt og kan vere eit godt utgangspunkt for oppleving og reiseliv. Landbruket i kommunane har dei seinare åra vore under hardt press, og næringa slit med pressa lønsemd, sviktande rekruttering og avgang av næringsaktørar. Kommunane har tradisjonelt sett hatt eit stort ansvar for utvikling av landbruket og kvar kommune har hatt kompetanse knytt til eit landbrukskontor. I dag ser vi at fleire kommunar samarbeider om å ha landbruksfagleg kompetanse. Lindås og Austrheim har ikkje eit slikt samarbeid i dag. Austrheim har nyleg etablert eit landbrukssamarbeid saman med kommunane Fedje og Radøy. Lindås har per februar 2011 ingen samarbeidspartnarar knytt til landbruket.

Lindås og Austrheim skal i framtida ha fokus på utvikling av landbruket og tiltak må setjast i verk for å styrka næringsgrunnlaget til heiltids- og deltidbonden. I dette perspektivet er det viktig å vite kva rolle kommunane skal ha. Ettersom landbruk er ei næring som kommunane har eit spesielt ansvar for, er det avgjerande at det blir gjennomført grundige strategiske prosessar om kommunane si vidare satsing innafør landbruket.

#### **Tiltak/aktivitetar:**

- Austrheim Kommunane skal i samarbeid med Fedje og Radøy bygge opp eit felles landbrukskontor. Ein viktig del av utviklingsprosessen blir å utarbeide ein felles strategisk landbruksplan for desse kommunane.
- For å sikre ei framtidretta landbruksnæring i Lindås kommune, skal kommunen gjennomføre ein overordna strategiprosess knytt til kommunen si landbrukssatsing.

### **D) Vidareutvikling av kultur- og aktivitetsregionen**

Lindås og Austrheim er ein del av ein sterk kultur- og aktivitetsregion. Mellom anna blei Lindås kommune kåra til årets kulturkommune i Hordaland i 2010, og er kvalifisert til landsfinalen som ein av tre kommunar. Det kulturelle mangfaldet i kommunane er ein unik og attraktiv fordel som må brukast meir i marknadsføring og profilering av kommunane. Kommunane "produserer" også mange talent innan musikk og idrett, men dei forsvinn ut av regionen når dei vil spesialisere seg etter grunnskule. Ein region med eit så sterkt kultur- og aktivitetsfokus bør kunne tilby vidaregåande utdanning innan desse fagområda.

#### **Tiltak/aktivitetar:**

Kommunane Lindås og Austrheim skal:

- arbeide målretta saman med dei vidaregåande skulane om å etablere musikk- og idrettsline i Nordhordland. I tillegg skal kommunane samarbeide med dei vidaregåande skulane om å opprette utdanningstilbod som kan styrke dei unike kvalitetane til kommunane, til dømes havsportline.
- samarbeide med sterke kulturaktørar om profilering av kommunane.

### **E) Mangfalding næringsliv og "Jobb nummer 2"**

Bustad og næringsutviklinga i Lindås og Austrheim må sjåast i samanheng med resten av Bergensregionen. Det er ein føremon for bedriftene at arbeidskrafta ikkje er pendlarar, men slår seg til ro i regionen. For å få folk til å slå seg ned er det viktig at kommunane kan tilby eit mangfaldig næringsliv med ein "jobb nummer to", altså jobb til begge partar i eit forhold. Lindås og Austrheim må difor synleggjera

mangfaldet av arbeidsplassar som er i kommunane, og det inkluderer også kommunen i seg sjølv som arbeidsgjevar. Ei slik synleggjering må skje i eit samspel mellom næringsliv og kommune.

**Tiltak/aktivitetar:**

Kommunane Lindås og Austrheim skal:

- arbeide for større mangfald i næringsutviklinga og bidra til å styrke næringar innan oppleving, kultur og reiseliv.
- ta initiativ til ei kartlegging av verksemder, ”yrkesgrupper” og komplementære arbeidsplassar i kommunane, både i næringslivet og i offentleg sektor. Resultata skal brukast aktivt av kommunane og næringslivet i profilering og omdørmearbeid.

**F) Attraktivitetsbarometer Nordhordland**

Næringslivets Hovudorganisasjon (NHO) og Telemarksforsking kårar kvart år landets beste næringskommune og det mest attraktive område i Noreg. Kommunane i Nordhordland ligg langt framme på lønnsemd og vekst, men har eit utviklingspotensial på entreprenørskap, nyetableringar og attraktivitet.

**Tiltak/aktivitet:**

Kommunane Lindås og Austrheim skal:

- ta ei aktiv rolle for å auka attraktiviteten til Nordhordland og bidra til å utvikle eit eige ”attraktivitetsbarometer” for Nordhordland. Dette bør vere eit samarbeidsprosjekt med dei andre kommunane i Nordhordland (Regionrådet), Telemarksforsking og næringslivet.

## Strategi 4: Aktiv, positiv vertskap

Kommunane Lindås og Austrheim ynskjer å utvikle seg som eit aktivt og positivt vertskap for næringslivet, og har sett opp tre innsatsområde:

### A) Samhandling og samarbeid i Nordhordland

Skal Lindås og Austrheim nå målsettingane i strategisk næringsplan er det særskilt viktig å ha eit tett samarbeid med dei andre kommunane, næringslivet og andre sentrale aktørar i Nordhordland. Mange av aktivitetane og tiltaka krev eit regionalt fokus og ei samordning mellom ulike aktørar. Det er viktig at alle aktørane som jobbar med nærings- og samfunnsutvikling i Nordhordland samlar seg om dei viktige sakene som verkeleg løfter regionen. For å kunne løfte dei viktigaste regionale sakene treng Nordhordland ein fellesarena kor ein samlar leiarar innanfor næring, politikk, organisasjon, forvaltning og utdanning. Døme på slike saker kan vere korleis regionen skal tiltrekka seg fleire bedrifter som tilbyr jobbar for folk med høg utdanning, eller korleis regionen skal satse på ei heilskapeleg marknadsføring og profilering.

#### Tiltak/aktivitetar:

Kommunane Lindås og Austrheim skal:

- ta initiativ til å etablere eit "Utviklingsforum Nordhordland", som skal vere ein strategisk/operativt møteplass for sentrale leiarar innan næring, utdanning og offentleg sektor. Formålet er å diskutere sentrale regionale saker som kan gje regionen eit felles løft (Trippel Helix)
- ta initiativ til å vidareføre samfunnsprosjektet i det regionale Mongstadprosjektet (CO2) (Tiltak 7 i strategisk næringsplan for Bergensregionen)

### B) Kompetanseutvikling og entreprenørskap.

Kommunane og regionen har to vidaregåande skular og grunnskular som har eit tett samarbeid med næringslivet. Spesielt har regionen lykkast med ordninga Teknisk allmennfag (TAF) og dette er eit samarbeid kommunane er opptatt av å styrka og vidareutvikla. Som ein del av vertskapsrolla til kommunane bør det satsast på å utvikle fleire grundarar, og då er det viktig å styrke skulane si satsing på entreprenørskap. Det må utviklast ei forståing av at det er gode moglegheiter for å utvikla eigne verksemder i regionen, og at kommune og næringsliv støttar opp om nyskaping.

#### Tiltak/aktivitetar:

Kommunane Lindås og Austrheim skal:

- styrke satsinga på entreprenørskap i skulen og vurdere meir aktiv bruk av elevbedrifter, samt vurdere ordningar som "Ungt entreprenørskap i skulen".
- bidra sterkt til å styrke regionens samla satsing på innovasjon og entreprenørskap, og samarbeide tett med det offentlege verkemiddelapparatet. (Innovasjon Noreg, SIVA)
- delta aktivt i "Team Nordhordland" i regi av Regionrådet i Nordhordland og Kommuneprosjektet den regionale partnarskapen i Hordaland (Innovasjon Noreg, Fylkesmannen i Hordaland og Hordaland Fylkeskommune).
- i større grad visa kommunane som attraktive arbeidsplassar og synleggjera aktivt behovet for framtidig kompetanse.

### **C) Intern kompetansebygging og utvikling av næringsvenlege kommunar**

Lindås og Austrheim har som mål å bli opplevd som proaktive "ja-kommunar" for nye og eksisterande verksemdar, det krev intern kompetansebygging, bevisstgjerung, aktiv dialog med næringslivet og tydeleggjering av kommunane si rolle. Kommunane er ein viktig aktør i det totale "utviklingsbiletet", og skal vere ein samarbeidspartnar, tilretteleggar og pådrivar for framtidig utvikling. Næringslivet må også vera pådrivar i bygging av nærmiljøet, og vera budd på å delta i spleiselag for å nå felles mål.

#### **Tiltak/aktivitetar:**

Kommunane Lindås og Austrheim skal:

- gjennomføre ei undersøking blant verksemdene i kommunane, for å undersøke korleis kommunane sitt tenestetilbod og servicenivå blir sett på av næringslivet.
- ta initiativ til å etablere referansegrupper frå næringslivet som kan bidra til auka næringsfokus i utviklingsarbeid og sakshandsaming.
- styrke det politiske og administrative samarbeidet internt i kommunane med fokus og satsing på næring.
- bygge opp næringsretta kompetanse knytt til næringsutvikling generelt og til satsingsområda i kommunane spesielt. I tillegg skal kompetanse knytt til det å vere vertskommune for eit stort industriområde styrkast, spesielt innan teknisk drift.